



Ål kommune

Familiens Hus

Prosjekt 2020/21

Delrapport 11.04.21

Innhold

Innleiing	3
Bakgrunn.....	3
Anbefalinger frå prosjektgruppa i forprosjektet	4
Sak i sektorutval hausten 2020	5
Prosjektorganisering	6
Milepælplan.....	7
Mandat	7
Brukarmedverknad.....	7
Brukarpanel	8
Arbeidsgrupper	9
Arbeidsgrupper og ansvarsfordeling.....	9
Inndeling arbeidsgrupper.....	10
Teoretisk bakgrunn	11
Anbefalinger frå arbeidsgruppene og administrasjonen	11
Anbefalinger frå prosjektgruppa.....	18
Vedlegg	19

Innleiing

Bakgrunn

Både politisk og administrativt har det ved ulike høve vore drøfta korleis kommunen skal organisere hjelpetenestene på ein best mogeleg måte. Med dei samfunnsendingane me står i, er godt tverrfagleg arbeid ein avgjerande faktor for å lykkast. Kommunen har gjennom dei siste åra gjennom ulike tiltak og prosjekt forsøkt å betre det tverrfaglege samarbeidet utan at ein er fornøgd med resultatet. Tilbakemeldingar frå brukarar og tilsette syner at tilbodet kan vere uoversikteleg, og at dei med behov for samansette tenester kan oppleve tenestene som fragmenterte.

I plan for psykisk helse og rus 2017-2020 står det: *«Familiar som tek i mot hjelp frå ulike delar av hjelpeapparatet beskriv ofte at dette er ei vandring frå kontor til kontor. Tenestene er organisert ulikt og det er ingen gjensidig informasjonsflyt mellom tenestene. Det er mange fordelar ved samlokalisering av tenester (t.d. i Familiens hus), men samordning krev ein styrt prosess. Plangruppa tilrår at administrasjonen utgreier nærare organisering og samordning av tenester til barn og unge.»*

I plan for helse- og omsorgstenester 2020-2023 for Ål kommune står det: *«Det er mange ulike avdelingar og sektorar som har tenester retta mot barn og unge. Det gjeld oppvekstsektor med barnehagar og skular og helsestasjon og PPT, det gjeld barnevernet og det gjeld avdelingar i helse- og omsorgssektor som avdeling psykisk helse og rus, fysioterapeut og lege i skulehelsetenesta og i ordinære tenester, og avdeling miljøterapi. Stadig får ein eksempel på mangelfullt samarbeid og sprikande signal og rådgeving til føresette og vanskar med og fordele arbeidsoppgåver på ein god måte på tvers av avdelings- og sektorgrenser. Innan helse- og omsorgssektor er det særlig reist spørsmål om ei evaluering av å ha helsestasjonen i oppvekstsektor. Og frå sentralt hald er det påtrykk for å samle førebyggjande arbeid og helsearbeid retta mot barn og unge til felles administrative einingar. Sektorutvalet viser til tidlegare vedtak og ynskjer fortgang i eit arbeid som vurderer organisering og samarbeid innan dei samla tenester til barn og unge. Rådmannen vert bedt om å gjennomføre ei vurdering av arbeid retta mot barn og unge i kommunen.»*

I 2011 flytta PPT, Hallingdal barnevernteneste og helsestasjonen inn i Familiens hus. Dette vart gjort med bakgrunn i eit ynskje om betre tverrfagleg samarbeid, men ein har ikkje sett vesentlege endringar på dette området etter samlokaliseringa. Hausten 2019 vart det gjort ei

BTI-undersøking av Korus Sør i Ål kommune. Denne undersøkinga peikar på utfordringar knytt til det tverrfaglege samarbeidet rundt barn og unge i kommunen.

Hjelpetenestene i Ål kommune er i dag organisert i ulike sektorar, oppvekst og helse. PPT er ei interkommunal teneste for Ål og Hol, og barneverntenesten er ei interkommunal teneste for alle dei seks Hallingdalskommunane. Ål kommune er vertskommune for PPT og barneverntenesten.

Anbefalinger frå prosjektgruppa i forprosjektet

«Prosjektgruppa at barn og unge vil få den beste hjelpa om ein organiserer hjelpetenestene for barn og unge i ei avdeling, med ein felles leiar og ei dør inn. Prosjektgruppa meiner «Familiens hus» er ein god modell, som fremjar samhandling og kontinuitet. Folk skal kjenne at tenestene henger saman og ser heile mennesket, og det skal vere låg terskel inn til tenestene. Slik vil tenestene kunne bli heilskapelege, samtidige og verksame. Med ein slik organisering/samhandlingsmodell vil ein kunne møte brukarane og samarbeidspartane som ei samla teneste. Da vil ein kunne unngå møter der alle stiller med representantar frå kvar teneste. Slike møter kan vere overveldande for både brukarar og samarbeidspartar. Erfaringane viser at ein også sparar seg for mykje dobbeltarbeid.

Prosjektgruppa meiner at ei slik avdeling bør ligge i oppvekst, slik at ein samlar tenestene i ein sektor, og i sektoren der alle barn og unge høyrer til. Utvikling av samarbeidet mellom hjelpetenestene og barnehagar/skuler bør også ha stort fokus i utviklingsarbeidet vidare. Prosjektgruppa meiner at det også i dette arbeidet vil vere ein fordel i å vere organisert i same sektor med kommunalsjef for oppvekst som ein felles leiar.

Dersom ein samlar tenestene kring barn og unge i Familiens hus, meiner prosjektgruppa det er hensiktsmessig at dette omfattar helsestasjonen/skulehelsetenesta, jordmortenesta, PPT, psykisk helse for barn og unge, fysioterapi for barn og unge og ungdomskonsulenten i kommunen. Alle tilsette i Familiens hus vil samarbeide om eit felles fagfelt som er «barn og unge». Barna sine samla behov må gå føre den einskilte teneste og sektor sitt behov. Ei utfordring ved å dele tenestene mellom vaksne og barn kan vere at det tradisjonelle fagmiljøet vert mindre, men ein får eit større fagmiljø samla rundt barn og unge. Dette «nye» fagmiljøet har ansvaret for heilskapelege tenester til barn og unge, samtidig som kvar tilsett har sitt spesialfelt innanfor sitt fag, til dømes fysioterapi. Rekruttering kan vere ei utfordring i tenester med små fagmiljø, men dersom ein får eit Familiens hus med eit godt tverrfagleg

samarbeid mellom tenestene, viser andre kommunar at dette kan vere med på å bidra til auka rekruttering.

Prosjektgruppa anbefaler at Familiens hus skal ha ein felles leiar som legg til rette for at tenestene samarbeider på tvers av faggruppene, og som har eit overblikk over kva som rører seg i kommunen, nasjonalt og kring generelle samfunnsendringar. Ein felles leiar vil også kunne være ei felles stemme for desse «små» tenestene inn i ein stor sektor. Erfaringar med Familiens hus i andre kommunar, viser at ei utfordring kan vere at dei tilsette må forhalde seg til fleire leiarar. Dette kan skape uklare ansvarsforhold og leiarar som ikkje er samde om mål og metodar. Ein vil betre kunne utnytte ressursane og vere meir fleksibel ved å ha ein felles leiar som kan disponere økonomi og tilsette ettersom behov endrar seg. Ein felles leiar vil kunne samle tenestene rundt felles mål og metodar, og er sentral for utvikling av ein kvalitetskultur og handsaming av endringsprosessar. Med bakgrunn i lovverk og nasjonale retningslinjer, anbefaler prosjektgruppa og ha ein fagleiar for PPT og ein samla fagleiar for dei andre tenestene i helsestasjonstenesta.

Samlokalisering vil vere ein fordel for Familiens hus med tanke på «ei dør inn», ei oversikteleg og lett tilgjengelig teneste. Det vil også vere positivt for det tverrfaglige samarbeidet mellom tenestene.

PPT er ei i dag ei interkommunal teneste for Ål og Hol. Prosjektgruppa er samde i at PPT bør organiserast i Familiens hus under ein felles leiar. Bakgrunnen for dette er at ein ynskjer ei dreining mot meir systemretta arbeid, der spesialkunnskapen PPT har i større grad vert nytta i barnehage og skule gjennom rettleiing, førebyggjande arbeid og tverrfagleg samarbeid. Prosjektgruppa ser det kan vere utfordringar knytt til at PPT har ei anna organisering enn resten av dei tilsette i Familiens hus.

Sak i sektorutval hausten 2020

Etter forprosjektet «Samordning og organisering av tenester til barn og unge» i 2020 har ein i Sektorutval for kultur og oppvekst og i Sektorutval for helse og omsorg gjort eit vedtak i saka: «Sektorutval for Helse og Omsorg og Sektorutval for Kultur og Oppvekst ber administrasjonen arbeide vidare med utvikling av tilbodet til barn og unge - deira familiar - der ein samlar fagfolka i ein ny avdeling – Familiens Hus.

Utvala vil ha ein vurdering av PPT sin rolle i ein slik avdeling:

2A: med PPT full integrert i Familiens Hus på Ål.

Her er dialogen med Hol kommune avgjerande for endeleg val av organisering.

2B: med PPT som egen avdeling saman med Hol der enkelte fagfolk deltar i det tverfaglege samarbeid på fast basis.

Sektorutvala ber administrasjonen komme attende med ein plan som visar korleis ein vil utvikle tenestene innan Familiens Hus. Planen skal og vise korleis ein vil organisere og sjå heilskapen i dei avdelingar som er involvert i omorganiseringa.»

Etter vedtak frå sektorutvala kom ein i gang med hovudprosjektet hausten 2020.

Prosjektorganisering

Prosjekteigar: rådmann Karsten Dideriksen

Prosjektansvarleg: kommunalsjef oppvekst Vegar Hoel

Prosjektleiar: Margunn Gullhagen

Styringsgruppe: Kommunalsjef oppvekst, Vegar Hoel
Kommunalsjef helse og omsorg, Borghild Ulshagen
HR, Berit Albrecht
Avdelingsleiarane i
PPT: Lennart Artmann
Helsestasjon: Anikken Teigen
Psykisk helse: Ingeborg Frydenlund
Fysioterapi: Live Magnetun
Tillitsvalde i
Utdanningsforbundet: Gjermund Flaget
Sykepleierforbundet: Ninni Katrine Dypedokk
Hovudverneombod: Alina Cojocari

Prosjektgruppe: Wenche Skaar-Ekse (PPT)
Randi Torgunn Myhre (Helsestasjonen)
Anne Kjersti Frøyen (Psykisk helse)
Vilde Springgard (Fysioterapi)
Margunn Gullhagen (Prosjektleiar)

Milepælplan

Okt – Des 2020:	Avklaring og forankring i avdelingane.
Jan - apr 2021:	Førebu politisk sak.
April 2021:	Strategikonferanse med konkret forslag til organisering.
Mai - juni 2021:	Sak i SUKO og SHO.
August 2021:	Sak til kommunestyret.
August 2021:	Tilsetting av leiar.
Sept - des 2021:	Praktisk førebuing til opning av familiens hus.
Jan. 2022:	Offisiell opning av familiens hus,
Våren 2025:	Evaluering av prosjektet

Mandat

- Det skal utarbeidast ein plan for korleis avdelinga «Familiens Hus» skal kunne gje best mogeleg hjelp til barn, unge og deira familiar i Ål kommune. Planen skal vise kva føresetnader som må vere til stades for å kunne gje eit heilskapleg tilbod til målgruppa.
- Planen skal vise kva sektor avdelinga Familiens Hus skal høyre til.
- Ein skal vurdere Koordinerande eining si tilknytning til avdelinga.
- Det skal avklarast om PPT skal vere ei kommunal teneste, eller fortsette som ei interkommunal teneste for Ål og Hol.
- For dei avdelingane som i dag gjev tenester til både barn og vaksne vil denne omorganiseringa også påverke tilbodet til vaksne. Ei eigen arbeidsgruppe skal sjå på organiseringa av tenestene til vaksne.
- Planen skal vise korleis ein sikrar samarbeid med andre instansar på ulike nivå (kommunalt, interkommunalt og statleg).
- Det skal utarbeidast ein 5-årig målplan, med mål som skal nyttast i den kontinuerlige evalueringa av Familiens Hus.
- Planen skal vise økonomiske konsekvenser.
- Dei tilsette skal involverast i prosjektarbeidet.

Brukarmedverknad

I forprosjektet, 2020, deltok prosjektgruppa på FAU-møter i barnehagar og på skuler i kommunen, samt i Ål ungdomsråd for å innhente attendemeldingar knytt til hjelpetenestene for barn og unge. FAU har ga informasjon til foreldregruppa, og samla inn attendemeldinger. Nokre av attendemeldingane:

- «Ynskjer meir informasjon om tenestene.»
- «Tenestene må synleggjerast og ufarleggjerast.»
- «Det er uoversiktleg, vanskeleg å vite kvar ein skal henvende seg.»
- «Ynskjer ein plass å henvende seg/ei dør inn.»
- «Oppleving av å bli sendt vidare, kasteball mellom tenestene.»
- «Tenestene vert opplevd utilgjengelege.»
- «Ein bør få hjelp i eit kjent og trygt miljø.»
- «Det må vere låg terskel for kontakt.»
- «Det blir gjeve sprikande råd frå ulike tenester.»
- «Tenestene vert opplevd som personavhengig og tilfeldig.»

Brukarpanel

I hovudprosjektet har ein satt saman eit brukarpanel med føresette som har barn med tilknytning til koordinerande eining med ansvarsgruppe og nokre med individuell plan. Etter forprosjektet, der ein spurte alle foreldre med barn i barnehage eller skole gjennom FAU, ville prosjektgruppa spørje dei som har behov for og erfaring med samansette tenester.

I hovudsak er dei fleste i stor grad fornøgd med dei tenestene dei mottek, men dei ser også eit forbettringspotensial. Her er sitat frå attendemeldingane:

- «Det er behov for betre koordinering.»
- «Det er viktig å sjå heile familien; sysken og føresette må også få tilbod/bli involvert.
- «Det er ei stor hjelpepakke til bornet, men ikkje så mykje til familien.»
- «Det er dårleg informasjonsflyt mellom tenestene. Tenestene må ta ansvar for å dele informasjon, og sørge for at alle som skal hjelpe har den informasjonen dei trenger. Det er vanskeleg å fortelje vanskelege ting til mange.»
- «Ein vert så aleine, og det hadde vert fint med eit nettverk der ein møter fleire familiar med same utfordringar.»
- «Folka er engasjerte, men systemet kan vere vanskeleg.»
- «Ansvarsgruppa fungerte, men det vart litt mykje i starten. Det vart litt overvaldande med så mange personar.»
- «Det er mykje utskifting av personal. Det er slitsomt å forhalde seg til så mange personar. Det må vere betre overlapp ved bytte av personal.»
- «Det er ikkje same tilbod frå habiliteringstenesten og sjølhjelpsgrupper i distriktet.»

Arbeidsgrupper

I prosjektet har ein ynskt å involvere dei tilsette i prosjektarbeidet i større grad. Med bakgrunn i dette vart det etablert fire arbeidsgrupper. Gruppene vart sett saman tverrfagleg, og oppgåva til arbeidgruppene vart å svare ut ulike punkt i mandatet. Alle gruppene har levert ein skriftleg rapport til prosjektgruppa i forkant av strategikonferansen. Gruppene skulle undervegs i prosessen hente innspel og erfaringar frå brukarpanelet og frå andre samarbeidspartar.

Arbeidsgrupper og ansvarsfordeling

Gruppe 1. Korleis arbeide saman i Familiens Hus?

- Det skal utarbeidast ein plan for korleis avdelinga «Familiens Hus» skal kunne gje best mogeleg hjelp til barn, unge og deira familiar i Ål kommune. Planen skal vise kva føresetnader som må vere til stades for å kunne gje eit heilskapleg tilbod til målgruppa.
- Det skal synleggjerast korleis ein skal arbeide saman for å nytte kompetansen til dei ulike fagfelta i Familiens hus.
- Det skal utarbeidast ein 5-årig målplan, med mål som skal nyttast i den kontinuerlige evalueringa av Familiens Hus.

Gruppe 2. Korleis samarbeide med andre utanfor Familiens Hus?

- Planen skal vise korleis ein sikrar samarbeid med andre instansar på ulike nivå (kommunalt, interkommunalt og statleg).
- Planen skal vise kva sektor avdelinga Familiens Hus skal høyre til.
- Ein skal vurdere Koordinerande eining si tilknytning til avdelinga.
- Det må vere dialog med instansane ein skal samarbeide med undervegs i prosessen.

Gruppe 3. Korleis organisere gode tenester til vaksne?

- For dei avdelingane som i dag gjev tenester til både barn og vaksne vil denne omorganiseringa også påverke tilbodet til vaksne.

Gruppe 4. Korleis ivareta tilsette i omorganiseringsprosessen?

- Korleis involvere tilsette på ein god måte?
- Korleis bør omorganiseringa gå føre seg?
- Kva er konsekvensane ved ei omorganisering? (positive og negative)
- Kva er viktig for drift, utvikling og lokale/samløkalisering.

Administrasjonen:

- Det skal avklarast om PPT skal vere ei kommunal teneste, eller fortsette som ei interkommunal teneste for Ål og Hol.
- Det skal skisserast moglegheit for lokaler til ei samlokalisering.
- Det skal avklarast korleis leiarstrukturen bør vere i Familiens hus.
- Økonomiske føresetnader og konsekvensar.

Inndeling arbeidsgrupper

Gruppe 1

Anne Kjersti Frøyen, psykisk helse

Vilde Springgard, fysioterapi

Lennart Artmann, avd.leiar PPT

Susann Reppen, PPT

Odveig Varlid Lauritzen, helsestasjon

Gruppe 2

Randi Torgun Myhre, helsestasjon

Wenche Skår-Ekse, PPT

Beate Bergum, psykisk helse og rus

Live Slettemoen, fysio/ergo

Helene Sagabråten, Hallingdal barnevern

Kristina Johansson, KE/miljøterapitenesten

Gruppe 3

Live Magnetun, avd.leiar Fysio/ergo

Ingeborg Frydenlund, avd.leiar Psykisk helse og rus

Gunnhild Indgjerd

Gunni Ringstad

Tove Bråten, fysio/ergo

Live Berg, fysio/ergo

Gruppe 4

Berit Albrecht, Kommunalsjef HR

Alina Cojocari, hovudverneombod

Morten-Eirik Jahren, PPT

Marit Lunden Tveit, psykisk helse og rus

Anikken Teigen, helsestasjon

Tove Bråten, fysio/ergo

Teoretisk bakgrunn

I teoridelen i arbeidsgruppe 1 sin rapport (sjå vedlegg 1) er det gjort greie for Familiens Hus, tverrfagleg samarbeid, brukarmedverknad, juridiske forhold og BTI (Betre tverrfagleg innsats).

Anbefalinger frå arbeidsgruppene og administrasjonen

Prosjektrapporten frå forprosjektet, anbefalinger frå administrasjonen, brukarerfaringar, erfaringar frå andre tenester og andre kommunar, eigne erfaringar saman med teori dannar bakgrunn for anbefalingane frå arbeidsgruppene.

«Det skal utarbeidast ein plan for korleis avdelinga «Familiens Hus» skal kunne gje best mogeleg hjelp til barn, unge og deira familiar i Ål kommune. Planen skal vise kva føresetnader som må vere til stades for å kunne gje eit heilskapleg tilbod til målgruppa.»

Føremålet med samhandlingsmodellen Familiens hus er fyrst og fremst å styrke det førebyggjande arbeidet og betre tenestene for barn og familiar gjennom styrka tverrfagleg arbeid (Martinussen, Hansen & Adolfsen, 2019). Arbeidsgruppene har arbeidd med utgangspunkt i at helsestasjon, pedagogisk- psykologisk teneste, avd. psykisk helse og avd. fysio- og ergoterapi skal vere del av Familiens hus. I hjelpeapparatet for barn, unge og familiar er desse fire avdelingane ofte sentrale i tenestetilbodet som blir gitt. Arbeidsgruppa har sett på korleis Familiens hus modellen kan nyttast i Ål for å gje eit meir heilskapleg og støttande tenestetilbod som er lett tilgjengeleg. Dette er også i tråd med nasjonale føringar og reformer (Meld. St. 6 (2019-2020); Barnevernsreformen, 2017).

- Viktig med ei organisering som legg til rette for eit tettare samarbeid med barneverntenesta på det forebyggjande nivået.
- Andre faggrupper vi ser som viktige funksjonar inn i Familiens hus på Ål er ungdomslos, utekontakt psykisk helse, familieterapeut og kommunepsykolog.

- Det er viktig at dei som arbeider i Familiens hus er ei heil avdeling som opplever seg sjølv som eit «VI», og som brukarane opplever som ei eining.
- Open barnehage kan dekke eit behov som ikkje vert dekt i Ål kommune i dag.
- I Familiens hus på Ål vil BTI-modellen som samhandlings- og arbeidsmodell sikre felles problemforståing og tidleg innsats.
- Det er viktig å sikre kompetanseheving innanfor dei ulike fagområda i Familiens hus. Arbeidsgruppa har lagt vekt på at ulikheten i dei ulike faga er styrken i det tverrfaglege arbeidet.
- Det er viktig at det som fungerer godt i dag, og som er lovpålagte oppgåver, for kvar einskild faggruppe ivaretakast, sjølv om vi blir ei ny avdeling der tverrfagleg samarbeid står sterkt.
- Grundig kartlegging er avgjerande for å møte brukarane med det dei treng. Alle som får hjelp i Familiens hus skal ikkje møte det same, men Familiens hus skal gje rett hjelp til rett tid.
- Arbeidsgruppa ser det som ein viktig suksessfaktor for Familiens hus på Ål at det er ein felles leiar for avdelinga. Ansvar for samhandlinga må ligge hjå ein felles leiar med eit overordna blikk. Ein risiko ved omorganisering utan ein felles leiar, er at vi blir omorganisert utan at vi samhandlar som ei felles eining. Det vil også vere ein overordna leiar sitt ansvar å ivareta ansatte, samt imøtekomme lokalsamfunnet og samarbeidspartnarar sine behov. I tillegg må leiaren organisere avdelinga hensiktsmessig med god bruk av ressursar.

Samlokalisering

- I rettleiaren for Familiens hus er fysisk samlokalisering av tenestene beskrive som eit av måla for å gjere det enklare for brukarane å nytte seg av tenestene, samtidig som det vil bidra til auka samarbeid mellom tenestene. Samlokalisering vil også gjere det tydelegare for dei tilsette og for brukarane at Familiens hus er ei samla avdeling. Det er arbeidsgruppa si vurdering at samlokalisering saman med ein felles arbeidsmodell og verdigrunnlag, felles arbeidskultur og felles formelle og uformelle

møteplassar vil vere viktige faktorar for at vi i Ål lukkast med ei omorganisering til Familiens hus.

«Planen skal vise kva sektor avdelinga Familiens Hus skal høyre til.»

- I arbeidet med å utvikle samarbeidet vidare mellom hjelpetenestene og barnehagar/skular, meiner arbeidsgruppa at det er ein føresetnad å vere organisert i same sektor.
- Arbeidsgruppa meiner at Familiens Hus bør ligge i sektor for oppvekst, med kommunalsjef som øvste leiar. Grunngevinga er at då samlar tenestene i den sektoren der alle barn og unge høyrer til gjennom barnehage og skule. Skule og barnehage er sentrale samarbeidspartar i oppfølginga av barn og unge og deira familiar. Dette samsvarar med anbefalinga i forprosjektet.

Leiarstruktur

Administrasjonen si anbefaling kjem her.

- I familiens hus skal ha ein felles leiar for heile avdelinga og fagleiar for PPT og «helsefaga». Avdelinga får altså eit leiarteam på tre personar.
 - Avdelingsleiar har det administrative og økonomiske ansvar for avdelinga.
 - Avdelingsleiar har og det overordna faglege ansvar medan dei to fagleiarar har det spesifikke fagansvar for kvar sitt fagfelt.
 - Avdelinga bør også lokalisert fysisk. (Det kan ta litt tid å få det til i praksis.)
-
- Arbeidsgruppene er tydelege på at felles leiing er sentralt for å lykkast med å skape eit velfungerande Familiens hus.

«Ein skal vurdere Koordinerende eining si tilknytning til avdelinga.»

I føringane for KE frå helsepolitisk hold står det at: «Enheten må være lett å komme i kontakt med for brukere og samarbeidspartnere. Enhetens virkeområde på tvers av enheter, fagområder, nivåer, og sektorer taler for at den bør plasseres høyt oppe i organisasjonen» (Helsedirektoratet, 2015).

- Arbeidsgruppa anbefaler at KE bør vere sektoruavhengig. Arbeidsgruppa anbefaler derfor at KE blir plassert organisatorisk utanfor Familiens hus. Det er uansett viktig å

sørge for ein solid samarbeidsstruktur mellom KE og Familiens hus uavhengig av organisering.

- Ein BTI-koordinator, vil vere ein sentral samarbeidspart for KE i opplærings- og utviklingsarbeid knytt til stafetthaldar/koordinator og møteleiing.

«Det skal avklarast om PPT skal vere ei kommunal teneste, eller fortsette som ei interkommunal teneste for Ål og Hol.»

Her kjem administrasjonen med si anbefaling.

PPT bør forbli ein samla teneste for Hol og ÅL. Den bør i sin heilskap leggjast inn i Familiens Hus med ein eigen fagleiar.

«For dei avdelingane som i dag gjev tenester til både barn og vaksne vil denne omorganiseringa også påverke tilbodet til vaksne. Ei eigen arbeidsgruppe skal sjå på organiseringa av tenestene til vaksne.»

Arbeidsgruppa har kome med ei anbefaling om å slå saman avdeling ergo- fysioterapi og avdeling for psykisk helse og rus med ein felles leiar. Denne avdelinga skal ha fokus på meistring. Avdelinga skal framleis gje dei same gode tenestene til dei same brukargruppene blant vaksne. Ein vil ikkje endre på det som fungerer godt, men ha større grad av tverrfagleg samarbeid. Arbeidsgruppa anbefaler at det vert utpekt ein fagansvarleg frå dei ulike tenestene, som har faste treffpunkt. Det er allereie etablert eit team i fht sjølvhjelpsarbeid med representantar frå psykisk helse og rus og fysioterapi/friskliv. Det er også iverksett vekentleg møtepunkt der ein tilsett frå psykisk helse og rus, frisklivskoordinator og psykomotorisk fysioterapeut samarbeider om nye henvisningar og felles brukarar. Rehabiliteringsteamet vil kunne ha ei større rolle i uavklarte og samansette saker. Arbeidsgruppa anbefaler at ein er lokalisert slik ein er i dag, med begrunning om at ein har behov for plassen.

«Planen skal vise korleis ein sikrar samarbeid med andre instansar på ulike nivå (kommunalt, interkommunalt og statleg).»

Betre tverrfagleg innsats (BTI)

- BTI-modellen er sentral i samarbeidet Familiens hus har med skule, barnehage og andre aktørar som gjev tenester til barn, unge og deira familiar.

- Arbeidsgruppa meiner det er sentralt at alle som arbeider med barn, unge og deira familiar i Ål kommune er godt kjend med arbeidsgangen i BTI, og bruker denne aktivt i samhandling internt og i tverrfagleg samarbeid. Arbeidsgruppa anbefalar difor ein eigen BTI-koordinator som har det overordna ansvaret i det systematiske arbeidet med modellen, slik at BTI vert nytta på ein effektiv og god måte.
- Arbeidsgruppa anbefaler at stafetthaldar (BTI) er kontaktperson i kvar enkelt sak for å sikre informasjonsflyt mellom Familiens Hus og andre instansar.

Skule og barnehage

- Små og store barnehagar og skular vil kunne ha ulike behov i samarbeidet om det tverrfaglege og førebyggjande arbeidet. Samarbeidsformer tilpassa ulike avdelingar må derfor drøftast vidare i prosessen med etablering av Familiens hus.
- For å sikre kontinuitet anbefaler arbeidsgruppa at det blir to representantar frå Familiens hus som dannar eit primærkontakt-team. Dette primærkontakt-teamet kan barnehage og skule drøfte undringar med, og teamet er den einskilde barnehage og skule sin veg inn i Familiens Hus. Laget rundt det einskilde barn og den einskilde ungdom vil då bli danna ut frå behovet for tenester. Det er viktig å ta barn, unge og føresette med i undringane så tidleg som råd, slik som BTI-modellen legg opp til.

Barnevern

Barnevernsreforma, 2022, er ein oppvekstreform som skal gi meir ansvar til kommunane på barnevernsområdet. Den skal også styrke det førebyggjande arbeidet og arbeidet med tidleg innsats i heile oppvekstsektoren.

- Barnevernet bør ha ein kontaktperson i kvar kommune.
- Arbeidsgruppa foreslår at barnevernet og Familiens Hus utarbeider ein felles kompetanseplan. Ein kompetanseplan vil vere til hjelp for å systematisere det tverrfaglege samarbeidet både internt og eksternt. Ein slik plan kan gje oversikt over kva kompetanse avdelingane har og kva kompetanse som manglar.

BUP

- Arbeidsgruppa anbefaler at staffetholder (BTI) er kontaktperson mellom BUP og kommunen for å sikre gjensidig informasjonsflyt.

Fastlegane

- Arbeidsgruppa foreslår at lege i skulehelsetenesta kan fungere som eit kontaktledd mellom Familiens hus og fastlegetenesta.

Miljøterapitenesta

- Det bør etablerast faste møtepunkt mellom Miljøterapitenesta og Familiens hus, der kompetanseutvikling, pårønderettleiing og samarbeid rundt enkeltfamiliar er i fokus.

Flyktingtenesta

- Arbeidsgruppa anbefaler jamlege møtepunkt mellom Flyktingtenesta og Familiens Hus. Aktuelle samarbeidsprosjekt kan vere foreldrerettleiing og tilrettelegging av deltaking i fritidsaktivitetar. Arbeidsgruppa anbefaler at fagpersonar frå Familiens hus og barneverntenesta deltek fast med informasjon om tenestene på introduksjonsprogrammet på vaksenopplæringa. Dette meiner vi kan bidra til dei vaksne som har born og ungdommar får ei betre forståing av kva tenestene kan bidra med.

Familievernkontoret

- Familievernet og helsestasjonen har hatt jamleg samarbeid rundt enkeltbarn/familiar. Arbeidsgruppa foreslår at dette samarbeidet blir vidareført, men vurderer om det er behov for eit meir strukturert samarbeid enn det er no.

Andre sentrale aktørar som gir tenester til barn og unge og deira føresette

- Alle tenester og aktørar som er i kontakt med barn, unge og familiar vil vere viktige samarbeidsparter for Familiens hus. Det er viktig at det vert laga system for alt samarbeid, slik at ein sikrar ei heilskapleg oppfølging.
- Det er viktig at det vert etablert gode rutiner for samarbeid med avdelinga for tenster til vaksne (psykisk helse og rus og fysio- og ergoterapi), slik at familiene opplever heilskapelege tenester og at ein kan sikre kunnskap og erfaringsutveksling.

«Det skal utarbeidast ein 5-årig målplan, med mål som skal nyttast i den kontinuerlige evalueringa av Familiens Hus.»

Arbeidsgruppa har valt å ikkje ta stilling til målplan på noverande tidspunkt med bakgrunn i at det er vanskeleg å konkretisere mål før organiseringa og strukturen er satt. Ein målplan med kontinuerlig evaluering er viktig for å sikre at brukarane får eit betre tilbod.

«Økonomiske konsekvensar og føresetnader.»

Her kjem det uttale frå administrasjonen.

Årlege meirkostnadar

Ein ny avdelingsleiarstilling (dei frigjorte ressursar brukast til fagleiara denne kostnad kjem delvis i i den nye avdeling i helse). kr 900.000

Auka husleige i familiens hus + nye driftskostnadar kr 300.000

Ny fagstilling i psykisk helse (mestringsavdeling) kr 700.000

Eingongskostnadar

Etablering av kontorar kr 400.000

Opplæring og «lagbygging» kr 40.000

«Dei tilsette skal involverast i prosjektarbeidet.»

Omstilling er eit omgrep som brukast til å beskrive ei rekke type endringar i arbeidslivet. For arbeidstakarar vil ein slik prosess utløyse ulike reaksjonar. Det er viktig å balansere virksomhetens behov for utvikling med arbeidstakars behov. Det gjelder å unngå negative konsekvensar av omstilling, som konflikhtar og utryggheit i møte med nye krav.

Arbeidsmiljøloven §2-3 og forskrift om organisering, leiing og medverking kap 2 legg vekt på at tillitsvalte og ansatte skal involverast i ein slik prosess, samtidig skal også arbeidstakar ivareta sin medvirkningsplikt.

Etter forprosjektet kom det attendemeldingar frå tilsette med ynskje om meir informasjon om prosjektet. Fleire tiltak er gjennomført for å imøtekomme behovet. Siste rapport frå hovudverneombod syner at dette har vore viktig, og at dei tilsette no gjev attendemelding om at dei no er godt informerte.

Etter ynskje frå dei tilsette har det blitt sendt ut eit nyheitsbrev kvar månad, og avdelingsleiarane og prosjektmedarbeidarar har hatt ansvar for å halde tilsette i eigen avdeling informert og involvert i prosjektet.

Det har vore arrangert to allmøte, der alle tilsette ved helsestasjon, psykisk helse og rus, PPT og fysio/ergoterapi har vore invitert. På allmøtene har det blitt delt informasjon frå arbeidet i prosjektet, andre kommunar har vore invitert for å dele sine erfaringar med Familiens hus og det har vore gruppearbeid i fht omstilling.

Tillitsvalde og verneombod har vore aktive i prosessen og har hatt kontakt med sine medlemmer undervegs i prosessen. Det er representantar med i styringsgruppa, og fleire av verneomboda har deltatt i arbeidsgruppene.

Erfaringar frå andre kommunar seier oss at det er viktig å bruke ressursar på rettleiing gjennom prosessen i ei omorganisering. Fleire kommunar har hatt gode erfaringar med ekstern rettleiar i prosessen med etablering av Familiens Hus. I forprosjektet var prosjektgruppa i dialog med R-BUP som rettleiar kommunar i slike prosessar. Prosjektgruppa anbefaler eit vidare samarbeid med R-BUP i prosessen.

Arbeidsgruppa ser på prosess rundt tilsetting som ein svært viktig faktor. Anbefalingane frå denne arbeidsgruppa er å rette fokus på teambuilding, og å bygge ein Vi-kultur med vekt på tydelege arbeidsinstruksar. For at drifta av avdelinga skal lykkast er ein avhengig av god leiing, tydeleg rollefordeling og avsett tid til utviklingsarbeid. Arbeidsgruppa ser på det som ein føresetnad at Familiens hus vert samlokalisert, og at et er ein leiar som styrer drifta.

Anbefalinger frå prosjektgruppa

Prosjektgruppa meiner at dersom ein vel å opprette Familiens hus som ei ny avdeling i Ål kommune, må ein sørge for at dei viktigaste suksessfaktorane er til stades. Arbeidsgruppene har gjeve ei grundig beskriving av sine anbefalinger i rapportane sine (sjå vedlegg 1-4).

Prosjektgruppa ynsker i tillegg å presisere prioriterte anbefalinger:

1. Ein felles leiar for avdelinga.

Prosjektgruppa anbefaler at Familiens hus skal ha ein felles leiar som legg til rette for at tenestene samarbeider på tvers av faggruppene, og som har eit overblikk over kva som rører seg i kommunen, nasjonalt og kring generelle samfunnsendringar. Ein felles leiar vil også kunne være ei felles stemme for desse «små» tenestene inn i ein stor sektor. Erfaringar med Familiens hus i andre kommunar, viser at ei utfordring kan vere at dei tilsette må forhalde seg til fleire leiarar. Dette kan skape uklare ansvarsforhold og leiarar som ikkje er samde om mål og metodar. Ein vil betre kunne utnytte ressursane og vere meir fleksibel ved å ha ein felles leiar som kan disponere økonomi og tilsette ettersom behov endrar seg. Ein felles leiar vil kunne samle tenestene rundt felles mål og metodar, og er sentral for utvikling av ein kvalitetskultur og handsaming av endringsprosessar.

2. Ei samla avdeling, Familiens hus, der tenestene er organisert saman.

Prosjektgruppa anbefaler at Familiens hus skal bestå av helsestasjonstenesta/skulehelsetenesta, jordmortenesta, PPT, psykisk helse for barn og unge og ungdomslos. Prosjektgruppa anbefaler at alle desse tenestene og

funksjonane er organisert saman i avdelinga Familiens hus med ein felles leiar. Prosjektgruppa ser det som naturleg at kommunepsykolog skal høyre til avdelinga Familiens hus.

PPT er ei i dag ei interkommunal teneste for Ål og Hol. Prosjektgruppa er samde i at PPT bør organiserast i Familiens hus under ein felles leiar, uavhengig av om det skal vere ei kommunal eller ei interkommunal teneste.

3. Tilhøyre sektor for oppvekst

Prosjektgruppa anbefaler at avdelinga for Familiens hus vert lagt til sektor for oppvekst, slik at ein samlar tenestene i sektoren alle barn og unge er sterkt knytt til gjennom barnehage og skule.

4. Samlokalisering

Prosjektgruppa ynskjer at Familiens hus vert ei tilgjengeleg teneste for barn, unge og deira familiar. Ei samlokalisering av avdelinga vil gi betre føresetnad for ei oversiktleg og tilgjengeleg teneste. Ei samlokalisering vil også gi betre føresetnader for det tverrfaglege samarbeidet som ein formell og uformell møteplass og samarbeidsarena for dei tilsette.

Vedlegg

Rapport arbeidsgruppe 1

Rapport arbeidsgruppe 2

Rapport arbeidsgruppe 3

Rapport arbeidsgruppe 4

Prosjektrapport forprosjekt «Samordning og organisering av hjelpetenester til barn og unge»